



Jublande jenter!

Fotballen rullar att, og førebuingane til ein ny sesong er godt i gang. I dag har rundt 20 fotballspelarar frå Uskedalen delteke på Zinken Cup i Odda. Turneringa er for spelarar i smågute- og småjenteklassen, og den vert arrangert av Odda FK i samarbeid med Boliden Odda AS.

Uskedalen stilte med lag i småguteklassen medan småjentene deltok på fleire samarbeidslag med Rosendal. To Rosendalslag møtttest i finalen i småjenteklassen.

Tor Edward Taranger i foreldregruppa fortel at det var eit flott arrangement, og både spelarane og foreldra hadde ein koseleg dag i Oddahallen. Det sosiale fungerte svært godt, og han meiner det er eit godt verkemiddel for å oppnå ei god utvikling.

Desse spela på smågutelaget: Kristian K. Hansen, Fredrik G. Haugland, Viljar S. Tveit, Sondre Klyve, Tørres L. Myklebust, Joacim Musland, Jonathan Taranger, Ole H. Eik, Jostein Soldal og Kristoffer Hauge.

Desse spela på småjentelaga: Ida Marie Eidsvik, Hanna Tvilde, Camilla M. Ripel, Amalie H. Rød, Silje Soldal, Thea Taranger og Caroline Kjerpeseth.

Martin H. Arnesen og Sander Simensen spela på Trio.



God stemning i pausane også!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Tor Edward Taranger